

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 04.04.2017

Vår ref.: 201307845-8, 201400886-6, 201304540-4,

201601759-6

Arkiv: 312 / 037.111

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamarar:

Kirsten Marthinsen, Henrik Langbråten

Fleire søkjarar – Søknad om løyve til fire småkraftverk i Sauda kommune i Rogaland – høyring

NVE har motteke fire søknadar om løyve til høvesvis Risvollaelva, Maldal, Øvre Molla og Nedre Molla kraftverk i Sauda kommune.

Øvre Molla kraftverk er planlagd i Mollaelva som ligg om lag 8 km sør for tettstaden Sauda, på austsida av Saudafjorden. Kraftverket vil i gjennomsnitt produsere 3,1 GWh i eit middels vått år, og vil få ein installert effekt på 1,2 MW. Inntaket er planlagd på kote 435, og det vil gravast ned ei 700 meter lang rørgate på sørsida av Mollaelva. Det er planlagd mellombels anleggsveg langs rørgata. Det vil òg bli bygd om lag 100 meter anleggsveg fram til inntaket. Kraftverket vil verte plassert på kote 285. Det er planlagd å sleppe ei minstevassføring på 26 l/s i perioden 1.5.-30.9. og 9 l/s resten av året.

Nedre Molla kraftverk er òg planlagd i Mollaelva. Kraftverket vil i gjennomsnitt produsere 4,6 GWh i eit middels vått år, og vil få ein installert effekt på 1,8 MW. Mollaelva vil overførast til Mollabekken med eit 200 meter langt røyr. Inntaket er planlagd på kote 145 i Mollabekken, og det vert ei 500 meter lang nedgrave rørgate. Det er planlagd mellombels anleggsveg langs rørgata, elles vert eksisterande vegar utbetra og nytta i arbeidet. Det vil òg bli bygd om lag 100 meter ny veg fram til kraftstasjonstomta. Kraftverket vil verte plassert attmed fjorden på kote 2. Det er planlagd å sleppe ei minstevassføring på 38 l/s i perioden 1.5.-30.9. og 23 l/s resten av året. Minstevassføringa vil fordelast mellom Mollaelva, som vil få mesteparten, og Mollabekken, kor det vil sleppast 7 l/s heile året.

Maldal kraftverk er planlagd i Maldalselva som ligg om lag 5 km sør for tettstaden Sauda, på austsida av Saudafjorden. Kraftverket vil i gjennomsnitt produsere 4,8 GWh i eit middels vått år, og vil få ein installert effekt på 3,0 MW. Inntaket er planlagd på kote 348 i Fjotartjørn, og det er to alternative inntaksplasseringar. Frå inntaket er det planlagd ei 7-800 meter lang nedgraven rørgate på sørsida av Hekkanstjørna og Maldalselva. Det er planlagd mellombels anleggsveg langs rørgata. Det vil òg bli bygd om lag 300 meter ny veg fram til kraftstasjonen. Kraftverket vil verte plassert på kote 207. Det er planlagd å sleppe ei minstevassføring på 93 l/s i perioden 1.5.-30.9. og 37 l/s resten av året.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord

Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest

Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst

Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Risvolleleva kraftverk er planlagt ved Saudasjøen, om lag 4 km vest for Sauda sentrum. Kraftverket vil i gjennomsnitt produsere 20,3 GWh i eit middels vått år, og vil få ein installert effekt på 6,2 MW. Inntaket er planlagt på kote 290, like oppstraums Risvollia. Derifrå er det planlagt ein 670 meter lang fullprofilbora tunnel, deretter 1050 meter nedgraven rørgate på austsida av Risvollelva. Kraftverket vil verte plassert på kote 60. Det er planlagt mellombels anleggsveg langs rørgata. Det vil bli rusta opp om lag 800 meter skogsbilveg fram til kraftstasjonen. Veg til tunnelpåhogg må òg rustast opp. Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring på 150 l/s i perioden 1.5.-30.9. og 50 l/s resten av året.

Det er òg søkt om løyve etter energilova for bygging og drift av Risvollelva, Maldal, Øvre og Nedre Molla kraftverk med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftliner.

Søknadane skal handsamast etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Søknadane skal òg vurderast etter «forskrift om konsekvensutredningar etter sektorlover». Søknadane med vedlegg vert lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker, og dei vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved.

NVE ber Sauda kommune leggje to eksemplar av kvar søknad ut til offentleg ettersyn på kundetorget på rådhuset fram til **27.6.2017**. Det eine eksemplaret kan, om naudsynt, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

Vi syner elles til vedlagde informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå saka vert sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ønskjer.

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker så snart som mogeleg og seinast innan **27.6.2017**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidas eit samandrag som kan brukast til dette.

Med helsing

Øystein Grundt
seksjonssjef

Kirsten Marthinsen
rådgjevar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg:

Mottakerliste:

BEKK OG STRØM AS
Direktoratet for Mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard
Forum for natur og friluftsliv Rogaland
Fylkesmannen i Rogaland
Haugaland Kraft Nett AS



Haugesund Turistforening
Kystverket Vest
Naturvernforbundet i Rogaland
Norges Jeger- og Fiskerforbund Rogaland
Norges Miljøvernforbund
Rogaland fylkeskommune
Ryfylke friluftsråd
Sauda kommune
Statnett SF
Sunnhordland Kraftlag AS

Kopi til:

Miljødirektoratet